

Årsrapport Nordfjord Folkemuseum 2019

Personale

Anne Kristin Moe, avdelingsdirektør 100 % stilling
Ann-Kristin Niiranen, førstesekretær/museumsvert 100 % stilling (til 1. juni)
Albert Christian Alfiler, museumsvert 100 % stilling (frå 1. oktober)
Ingrid Berger, konservator, 100 % stilling
Eva Marie Felde, formidlingsleiar 100 % stilling
Nils Åge Kvamme, driftsansvarleg, 100 % stilling
Kent Arvid Flølo, handverkar 50 % stilling
Steinar Ewebø, handverkar 50 % stilling
Solvei Berger Roska, reinhaldar og museumsvert 20 % stilling (til 1. august)

Verv

Nordfjord Folkemuseum er ei avdeling under Musea i Sogn og Fjordane (MiSF). Steinar Ewebø var tilsettere representant i styret til Musea i Sogn og Fjordane fram til juni 2019. Eva Marie Felde vart tilsettere representant frå juni 2019.

Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe er med i kulturleiargruppa i Nordfjord, Ressursgruppe for Kulturminneplan i Gloppen og Kulturminneteam for Eid kommune. Museumsfartøyet Holvikejekta er medlem i Norsk Forening for Fartøyvern.

Forvaltning

Samlingsarbeidet på Nordfjord Folkemuseum har vore konsentrert om revisjon av gjenstandar som var teke inn frå Heggdalsloftet i 2018, samt inntak av gjenstandar og arkivmateriale frå dødsbuet til Petter Eide. Det har også vore sortert og ommøblert nærmagasin, for å frigje plass til større gjenstandar.

Av inntak er det i 2019 teke inn 137 einskild gjenstandar. Det er avhenda 124 objekt. Nordfjord Folkemuseum har totalt ca. 20 000 gjenstandar. Pr. 31.12.2019 er 14058 av desse registrerte. 5883 gjenstandar er publiserte på www.digitaltmuseum.no.

Museet har i 2019 arbeidd vidare med verne- og formidlingsbygg for Holvikejekta. Det er utarbeidd eit prospekt, og 1. mars sende vi søknad til Kulturdepartementet, post 70 tilskot til Nasjonale kulturbygg. Arkitekt Ola Sendstad har stått for teikningar og Hardanger fartøyvernssenter fekk oppdrag om å utarbeide ein rapport med registrering av enkeltkomponent og mogelege løysingar for oppstøtting. Vi har hatt eit nært samarbeid og erfaringsdeling med Jektefartmuseet i Bodø som opna 24. juni. Søknaden til Kulturdepartementet om bygg for Holvikejekta vart dessverre avslått i denne omgang, men vurderinga til Kulturrådet var at søknaden er god, og det vil bli sendt ny søknad i 2020. Ved utgangen av 2019 var Norconsult hyra inn for å sjå på tekniske løysingar og kvalitetssikre tala. Vi har fått ein garanti frå Gloppen kommune om 10.mill. i tilskot.

Som del av den nasjonale Bygningsvernundersøkinga har alle dei antikvariske bygningane ved Nordfjord Folkemuseum blitt gjennomgått og tilstandsvurdert. Prosjektmedarbeidar Sveinung Søyland Moen har organisert arbeidet og stått for rapporteringa til Kulturrådet.

I 2019 har Smie frå Skår har fått nytt tak og arbeidet med nytt tak på Fargerri frå Sandane vart påbyrja. Det er henta og laga til einestaurar til nytt gjerde i friluftsmuseet. I friluftsmuseet består det årvisse arbeidet elles med stell av bedd og tre, grasklipping, damrensing etc., samt førebuing av sesongopning med innreiing av miljøutstillingar i dei antikvariske husa.

Med innreiing av 2.etg. på Sydneshuset kan vi no presentere den nye buskikken som kom på 1900-talet. Det har også vore fornying av miljøutstillinga i 2.etg på Nystove frå Ramnestad, frå tekstilutstilling til innreiing/miljøutstilling.

I 2019 har det elles vore jobba mykje med organisasjonsprosess og strategisk plan, arkivplan og samlingsforvaltningsplan.

Forsking- og utviklingsarbeid

Sidan 2018 har Nordfjord Folkemuseum administrert prosjektet «Nordfjordbåt bygging og bruk», der ein lærande, Andreas Mardal byggjer nordfjordbåt saman med båtbyggjar Kristen Arnestad. Båtane i prosjektet skal kome allmenta til gode. Mardal skal også bygge ein båtverkstad, der han kan bygge båtar i framtida. Pr. desember 2019 er to av tre båtar klare og overført til Nordfjordbåtlaget og båtverkstaden er ferdig bygd. Båtane som er førte tilbake til lokalmiljøet gjennom Nordfjordbåtlaget er tekne i bruk. Den første båten vart døypt «Lille Viking» under dåp i fjæra i Sandane sentrum. Gudmødrene var to medlemmar frå 4H, som i samarbeid med Nordfjordbåtlaget har ansvar for dei to første båtane. Båt nummer to, kalla «Færulf», vart døypt av ordførar i Gloppen, Leidulf Gloppestad, under familiedagen på Nordfjord Folkemuseum i juni.

Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe sit i styre for Seksjon for immateriell kulturarv, Norges Museumsforbund og er leiar av ICOM si ekspertgruppe for immateriell kulturarv i arbeidet med utarbeiding av museumsetiske retningslinjer. Ho sit også i styret for Norsk foreining for kulturforsking.

Formidling

I 2019 har museet vore ope alle dagar i sommarsesongen (1.7-31.8) kl.10-18, resten av året kvardagar 10-14 og elles på faste arrangement frå 11-16. 7536 besøkande var innom museet i løpet av 2019. Av desse var 1578 born og unge som deltok på ulike pedagogiske opplegg.

Utstilling

I utstillingsbygget har Nordfjord Folkemuseum vist fem **utstillingar** i 2019:

24.09.18-10.03.19	Tekstilarbeid - frå fiber til tråd
20.03.19-02.06.19	På reise (samarbeid med Eid vgs)
23.06.19-vinter 2020	Alle gode ting av tre
10.11.18-13.01.19	Juletreutstilling
Sommar 2019	Studiemagasin i hovudbygget

I tillegg er 29 av 44 antikvariske bygningar i friluftsmuseet opne for publikum. I 15 av desse er det interiørutstilling i sommarsesongen. For første gong er Sydneshuset inkludert i interiørutstillingane. I november og desember 2019 vart det også pynta til jul i fire av husa i friluftsmuseet.

I administrasjons- og utstillingsbygget er det gjort tiltak for **universell utforming** av dører.

I 2019 hadde Nordfjord Folkemuseum 70 **presseoppslag**. Desse var kulturhistoriske saker, generelt om avdelinga og Holvikejekta, utstillingar og arrangement.

Pedagogiske opplegg

Nordfjord Folkemuseum har tilbydd 12 ulike undervisningsopplegg

Tekstilarbeid (i samband med utstilling)	Tilbod til grunnskule
Byggeskikk	DKS Gloppen 3. og 4. klasse
Båt i Gloppen	DKS Gloppen 8. klasse
På reise (i samband med utstilling)	Tilbod til grunnskule og vidaregåande skule
Bondesamfunnet	Tilbod til grunnskulen og vidaregåande skule
Frå handemakt til elektrisitet	Tilbod til grunnskule og barnehage
Tradisjonsbåt (i samband med nordfjordbåtprosjektet)	Tilbod til grunnskule
Alle gode ting av tre (samband med utstilling)	Tilbod til grunnskule
Tidskapsel	DKS Sogn og Fjordane 9. klasse
Eplepressing	Tilbod til grunnskule
Juletradisjonar	Tilbod til grunnskule
Kjeldegransking	Tilbod til vidaregåande skule
Tekstilarbeid	Nordfjord Folkehøgskule
Byggeskikk	Nordfjord Folkehøgskule

Tilbodet om Tradisjonsbåt blei sendt ut til alle 6. klassane i Nordfjord, men grunna store kostnader knytt til transport valde vi å prioritere Selje og Gloppen dette året. Dei andre vil få tilbodet i 2020.

Grupper

2019 var første året med cruisehamn på Nordfjordeid, og i løpet av sommarsesongen var det ni dagar med cruisebesøk til museet. Totalt var 2079 av dei besøkande gjestar frå cruiseskipa. Desse gruppene får omvising i friluftsmuseet. Ei gruppe med russiske journalistar og bloggarar har også vore på omvising. Vi har også hatt omvising for større og mindre grupper, mellom anna to internasjonale kor og eldrerådet i Nordfjord. Onsdagstreffen, som er eit tilbod for eldre i Gloppen, kjem på besøk ved kvar nye utstilling vi set opp. Nordfjord Folkemuseum har også vore innspelingsstad av ungdomsserien «Lovleg» (NRK TV).

Arrangement

- 27.01.19 Museumssøndag: Strieskjorta og havrelefsa
- 24.02.19 Museumssøndag: Tekstilgjenbruk v / Ingrid Vik Lysne
- 24.03.19 Museumssøndag: På reise
- 27.03.19 Folkemøte kulturminneplan Gloppen
- 31.03.19 Årsmøte Nordfjord Sogelag
- 28.04.19 Museumssøndag: Båt
- 12.05.19 Museumssøndag: Bunad
- 21.05.19 Bokslepp: «Evebøfoss»
- 23.06.19 Museumssøndag: Alle gode ting av tre
- 10.07.19 Familiedag
- 14.07.19 Bluegrasskonsert Norsk Countrytreff
- 25.08.19 Støylsdag
- 04.09.19 Vandrekonsert Gloppen musikkfest
- 22.09.19 Markering av verdsdag for psykisk helse
- 27.10.19 Museumssøndag: Tradisjonsmat
- 29.10.19 Bokslepp: «Gloppen og glopparane»
- 10.11.19 Lansering Jul i Nordfjord og Juletreutstilling
- 01.12.19 Julemarknad

Forsknings- og utviklingsarbeid

Publikasjoner

Nordfjord Folkemuseum har det redaksjonelle ansvaret for *Jul i Nordfjord*. Tilsette ved avdelinga har skrive følgjande artiklar:

- «Om førindustrielt tekstilarbeid – frå fiber til tråd», Ingrid Berger
- «OL på Lillehammer inspirerte til utstilling om kystkvinnene», Eva Marie Felde
- «Den siste ljåsmeden i Hornindal», Eva Marie Felde
- «Kjersti skildra Sandane sitt eksotiske mikrokosmos», Eva Marie Felde
- «Grøn og glitrande», Anne Kristin Moe
- «Byggeskikk i Nordfjord», Anne Kristin Moe

Foredrag

- 27.01.19 «Tekstilproduksjon i Nordfjord» Museumssøndag Nordfjord Folkemuseum. Ingrid Berger.
- 31.03.19 «Holvikejekta – statur per i dag» Årsmøte Nordfjord Sogelag, Sandane. Anne Kristin Moe
- 03.04.19 «Korleis forvalte ein folkekultur» Landsmøte Norges museumsforbund, Haugesund.
Anne Kristin Moe
- 11.04.19 «Påsketradisjonar» NRK SF, Førde. Anne Kristin Moe (intervju).
- 17.09.19 «Nordfjordbåtprosjektet» Norges museumsforbund Seksjon for immateriell kulturarv, Lom.
Anne Kristin Moe

Kurs, seminar og konferansar

Tilsette ved avdelinga har delteke på følgjande faglege møter og arrangement:

- 08.01.19 Møte om ny stortingsmelding om kulturminner Sunnfjord Hotell, Førde
- 11.01.19 Webkurs Survey Exact, Sandane
- 28.-29.01. Møte og befaring Norsk jektefartmuseum, Bodø
- 31.01.-02.02.19 Konferanse Foreining for kulturforskning Universitetet i Oslo
- 14.02.19: Formidlingsseminar, Høgskolen i Sørøst-Norge, Bø i Telemark
- 05.03.19 Marknadsføring i sosiale meida, Besøk Gloppen, Sandane
- 22.03.19 Landskonferanse Norsk foreining for fartøyvern, Gardermoen
- 02.-04.04.19 Norges museumsforbund Landsmøte, Haugesund
- 26.04.19 Seksjon for immateriell kulturarv, Norges museumsforbund, Oslo
- 09.05.19 Deltaking på offisiell opning av Sagastad, Eid
- 14.05.19 Fotokurs, tilsette MiSF, Skei i Jølster
- 29.05.19 Informasjonsmøte Kulturminnefondet Stryn
- 23.06.19 Opning av Jektetfartmuseet, Bodø
- 16.07.19 Møte med NIBIO om museets frukthage, Sandane
- 30.08.19 Møte om Hærmuseet, Eid
- 16-17.09.19 Seminar «Naturbruk på museum» Seksjon for immateriell kulturarv,
Norges museumsforbund, Lom
- 15.10.19 Folkemøte om framtida til Singerheimen, Olden
- 20.10.19 Handverkarsamling om tak, tilsette MiSF, Sunnfjord Museum
- 04.-05.11.19 Museumsetiske retningslinjer. Arbeidsseminar, ICOM / Norges museumsforbund Oslo
- 03.-04.12.19 Seminar «Juss og avtaleverk knyttet til inntak» Seksjon for samling, Norges
museumsforbund, Oslo